

Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 05.06.2018

Orientering:

Nils Skavhellen, inntaksleiar opplæringsavdelinga, orienterte om fristen for å omprioritere søknaden i Vigo. Fristen går ut den 05.06.2018. Ifølgje dei opplysningane ein har pr. idag, vil det ikkje bli noko endringar.

Dan S. Femoen (H) sette fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Det har kommet tilbakemeldinger fra studenter ved Fagskolen i Hordaland om at kvaliteten på undervisningen ved Bergen Maritime skole har blitt vesentlig svakere det siste året. Dersom dette medfører riktighet, må det tas nødvendige grep for å bedre situasjonen. Vi anmoder fagskolestyret om å ta dette opp på neste møte, og komme med en tilbakemelding til utvalg for opplæring og helse.»

Røysting

Femoen sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Dan S. Femoen (H) etterlyste svar på sitt spørsmål til fylkestannlegen, som han har stilt i eit tidlegare møte.

Opplæringsdirektøren opplyste at neste møte i utval for opplæring og helse den 14.08.2018 går som planlagt. Det er mellom anna to høyringssaker som skal behandlast på dette møtet.